

Forskrift om SFO (skulefritidsordning) Vindafjord kommune

Med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5

§ 1 Formål og verkeområde

Kommunen skal ha tilbod om SFO før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særskilte behov på 1.-7. trinn.

Forskrifta skal bidra til å gjere regelverket tilgjengeleg for dei som nyttar seg av SFO. Forskrifta gjeld for alle grunnskulane i Vindafjord kommune.

§ 2 Eigarforhold og skulefritidstilbod

Vindafjord kommune skal gje tilbod om skulefritidsordning (SFO) ved alle barneskulane i kommunen før og etter skuletid dersom det melder seg nok barn. Vindafjord kommune driv SFO etter gjeldande lovverk og kommunen sine vedtekter og retningslinjer.

Opplæringslova § 4-5 inneheld dette om SFO:

Kommunen skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vera tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Tilbodet er for barn i 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilt behov for tilrettelegging i 1. – 7. årstrinn. Elever med nedsett funksjonsevne 5. -7. klasse har rett på gratis SFO.

§ 3 Søknad om opptak

Søknad om opptak skal gjerast via Visma, sjå kommunen si nettside. Skulane og kommunen sitt servicetorg kan gje hjelp til å søkje. Hovudopptak for hausten skjer med søknadsfrist 1. mars dersom ikkje anna blir kunngjort. Det kan og søkjast om plass i SFO gjennom året. Opptak til SFO gjeld til og med 4. årstrinn. (Ein treng ikkje søkje kvart år når ein ønskjer å halde fram med SFO). Dersom ein ønskjer plass i SFO for barn som går i 5. – 7. årstrinn, skal det sendast ny søknad kvart år.

Dersom eit barn treng særleg tilrettelegging for å vere i SFO (t.d. ekstra utstyr, ekstra tilsett), må foreldre/føresette opplyse om det i søknaden og ev. dokumentere behovet. Den einskilde SFO vil informere nærare om frist m.m. etter hovudopptaket. Rektor/einingsleiar saman med den som er leiar for SFO, gjennomfører opptak. Etter forvaltningslova §29 er dette eit enkeltvedtak med rett til å klage på avgjerda innan tre veker. Etter søknadsfrist blir det kun tatt inn elevar dersom det er plass ved den einskilde SFO.


§ 4 Opptakskriterier

Så langt råd er skal alle som søker, få plass. Dersom det er fleire søkjarar enn SFO har plass til, vert inntaket prioritert slik:

1. Barn med særlege behov for tilrettelegging med uttale frå faginstans (Gjeld 1.- 7. årstrinn).
2. Barn som har eineforsørgjar.
3. Dei yngste barna har prioritet framfor eldre barn.

§ 5 Opningstid

SFO har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag frå kl. 07.00 om morgonen og stengjer kl.



16.30. SFO har normalt ope alle skuledagar, men det må vere minst 5 påmeldte barn før ein kan halda ope. SFO er stengt i skuletida og på skulen sine planleggingsdagar, utan om den første i august (sjå nettsida til kommunen for skulerute/skuledagar). Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeide med barnehagen om SFO-tilbod om morgonen. Føresette kan i tillegg kjøpe ferie- og fritidspakke eller dagpakkar i samband med ferieavviklinga. Foreldre/føresette oppgjev i søknaden omfang dei søker plass for.

Alle pakkar blir då (pakke 1-3 er alle dagar):

- Pakke 1: 07:00-15:00
- Pakke 2: 07:00-16:30
- Pakke 3: Etter skuleslutt - 16:30
- Pakke 4: 3 dagar før og etter skuletid
- Pakke 5: 3 dagar etter skuletid
- Pakke 6: 2 dagar før og etter skuletid
- Pakke 7: 2 dagar etter skuletid
- Pakke 8: 5 dagar etter skuletid til kl. 15.30 (gratis kjernetid 1.- 3. trinn)

Fråtrekk på faktura 12 timar SFO i veka. Dette gjeld for 1.-, 2. – og 3. trinn. Gratis kjernetid i Vindafjord kommune er definert i tidsrommet 08.30 – 15.30 (tilsvarar pakke 8).

§ 6 Endring av opphaldstid og frist for oppseiing av plass

Endring av opphaldstid og oppseiing av plass skal skje skriftleg til den enkelte skule. Endringa skal skje inne på Visma. Foreldre/føresette må som hovudregel betale for 3 månader rekna frå siste dag i oppseiingsmånaden. Det same gjeld når ein søker vesentleg reduksjon i opphaldstid. I særskilde høve (t.d. ved sjukdom eller ikkje planlagt flytting) kan rektor/einingsleiar fastsetje kortare oppseiingstid.

§ 7 Foreldrebetaling og fakturering

7.1 Faste opphaldsalternativ (gjeld alle skuledagar på skuleruta)

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling i SFO. Prisen for eitt år vert fordelt på 10 månader. August og juni har halv sats. SFO er stengt i juli (ferieavvikling). Sjå heimesida for gjeldande tilbod.

Opphald i skuleferien

SFO-tilbod på ferie- og fridagar blir berre gitt for full dag. (0700 – 1630) og berre dersom det er nok påmeldte. Tilbodet kan bli lagt til annan skule enn den vanlege på slike dagar. Ølen og/eller Skjold skular tilbyr ferie-SFO.

Føresette kan velje mellom dei 2 alternative feriepakkane under. Prisen blir fordelt på 10 månader og fakturert saman med den ordinære foreldrebetalinga.

- **Full feriepakke**
August: 2 veker før skulestart (stengt to planleggingsdagar i august)
Haustferie: 5 dagar
Desember: Frå skuleslutt t.o.m. 23.12. Romjula er stengt.
Vinterferie: 5 dagar
Påskeveka: 3 dagar
Juni: Frå skuleslutt og ut juni måned.
- **Dagpakke**
Dei som ikkje ønskjer full feriepakke, kan innan 1. mai velje kva dagar dei ønskjer å bestille i SFO utover ordinært opphald neste skuleår.



7.2 Søskenmoderasjon og refusjon

Når fleire søsken er fast innmelde i SFO, vert det betalt full pris for det barnet som har lengst opphaldstid. Barnet som har nest mest tid får 30% søskenmoderasjon. Dersom det er fleire enn 2 søsken, får dei 50% rabatt kvar. Rabatten gjeld og på feriepakke. Barn som går over frå barnehage til 1. klasse i august og bestiller feriepakke i SFO, får refundert satsen tilsvarande ei veke av feriepakka i SFO då dei har betalt barnehageplass til 15. august.

7.3 Redusert foreldrebetaling

Du har rett på redusert foreldrebetaling om maksimumsprisen for SFO er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til familien eller i hushaldet. Dette er ei nasjonal ordning som gjeld for 1.-4.trinn. Ordninga gjeld berre etter skriftleg søknad til kommunen (skulen kan hjelpe med søknad). Meir informasjon på heimesida til Vindafjord kommune.

7.4 Gratis kjernetid

Fråtrekk på faktura tilsvarande 12 timar SFO per veke. Dette gjeld for 1.-, 2. - og 3. trinn.

7.5 Prisendringar

Kommunestyret vedtek til vanleg prisen for opphald i SFO i møte i desember kvart år med verknad frå 1. januar året etter. Kommunestyret kan og gjere vedtak om prisjustering elles gjennom året.

7.6 Faktura

Det vert sendt faktura etterskotsvis kvar måned med betalingsfrist på 2 – 3 veker.

7.7 Misleghald av faktura

Dersom ikkje foreldrebetaling er betalt innan forfall på inkassovarsel mister barnet plassen på SFO.

7.8 Hente for seint

Dersom barnet ikkje blir henta innan fastsett hentetid i SFO, vil det bli fakturert eit gebyr.

§ 8 Leike- og opphaldsareal

Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet, jf. Opplæringslova § 4-5. SFO kan nytte den einskilde skule sine klasserom, opphaldsrom, ute- og nærområde. Rektor avgjer kva rom som skal nyttast.

§ 9 Leiing og bemanning

Rektor/einingsleiar er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si skulefritidsordning. Ein av dei tilsette har ansvaret for den daglege verksemda i SFO. Som hovudregel vert SFO bemanna med 1 vaksen person (fagarbeidar/assistent) per 15 barn på gruppa.


§ 10 Generelt

10.1 Om måltid

Dersom det kan leggest til rette for, og foreldregruppa ønskjer det, kan det avtalast at barna får eit måltid i SFO. Førsette betalar matpengar som vert fakturert saman med den faste betalinga kvar måned.

10.2 Om skyss

Skyss frå SFO er foreldra sitt ansvar. For barn i SFO som er funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke, gjeld Opplæringslova §4-1:



Elevar som har plass i skulefritidsordninga, jf. opplæringslova § 4-5, og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skulefritidsordninga.

10.3 Om forsikring

Barna er ulukkesforsikra gjennom kommunen si ordning den tida dei er på SFO.

§ 11 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. mars 2025

